2. Blant fagfolk er det viktig å ha en presis skriveform. Begrep skal være presise og modifikasjoner/forbehold skal være med. Presisjon er viktigst. Det blir lagt mindre vekt på at det skal være variert og levende (sjøl og det godt kan være det). Vi snakker om fagspråk, ekspertspråk eller vitenskapelig stil. Neste punkt (pkt. 3) er på mange vis en reaksjon mot dette punktet.
3. I den senere tida har en, som tidligere nevnt, vært opptatt av kommunikasjonskløft mellom myndigheter/journalister og folk flest. I den sammenhengen har en blitt opptatt av et enkelt språk. Tekstene skal ikke være for tettpakka, det skal være få fremmedord, periodene skal være enkle (korte og med få underordna ledd). Språket skal effektivt formidle informasjon til folk flest. Det skal være begripelig. Dette idealet knyttes til en folkeopplysningsideologi.

I denne sammenhengen legger en noe mindre vekt på det tradisjonelle «gode» språket representert med pkt. 1 og det presise under pkt. 2.

I den praktiske skriveopplæringa bør en forholde seg til disse punkta, og evt. til flere av samme type. Foretrekker vi et «vakkert», «presist» eller «begripelig» språk? Eller kanskje helst ei blanding?

Å skrive er ikke bare i skrive i vei.

Et svensk opplegg

Jeg vil illustrere problemet ved å presentere et opplegg for opplæring i praktisk språkbruk. Det er laga for svenske gymnasiaster og utarbeidd i Malmö av bl.a.

Åke Pettersson. Prosjektet besto av flere trinn fra språkundersøkelser («Skrivsyntax» og «Svenska Mått») til lærebøker.

Man undersøkte yrkesskribenters språk (bl.a. journalister og informasjonsarbeidere) og språket i skolestiler med gode og dårlige karakterer. God språkbruk (dvs. skriveidealet) er den språkbruken som «gode» skribenter bruker. Den skiller seg ut fra dårlig språkbruk gjennom hyppigere forekomster av de følgende trekkene (henta fra «Pedagogiska hjälpmedel», 21/1976):

1. Substantiv, særlig verbalsubstantiv og sammensatte substantiv.
2. Preposisjoner, adjektiv og partisipper.
3. Attributter – foran- og etterstilte.
4. Ordvariasjon, dvs. et stort ordforråd.
5. «Uvanlige» og «lange» ord (dvs. ord utenfor de 7.000 mest vanlige resp. ord med minst 7 bokstaver).
6. Mange ord, dvs. lange stiler (tekster).
7. Få språkfeil.

I materialet viser de til eksempler på hvordan dårlig språk kan «transformeres» til godt språk. Særlig viktig er det å få til *tettere språk* (innholdsrikt), *variasjon* og *presisjon*.

Tettere språk oppnår en med å få bort innholdstomme ord. I undervisningsopplegget fins oppgaver som gir trening i å forme språk slik. Her skal siteres eksempler på hva slags transformasjoner en tenker seg (henta fra «Pedagogiska hjälpmedel» 21/1976):

«Genom att göra en som-sats till *adjektivattribut*:

Hon gillar killar som är *blonda*.

Hon gillar *blonda* killar.

Genom att göra en som-sats till *prepositionsattribut*:

Koppen som *stod på bordet* var vit.

Koppen *på bordet* var vit.

Genom att göra en att-sats till substantivuttryck, alltså genom *substantivering*:

Det berodde på *att man var slarvig*.

Det berodde på *slarv*.

Genom att göra en sats eller fras till *sammansättning*:

Hon ringde *ett samtal på telefon*.

Hon ringde *ett telefonsamtal*.

Variasjon oppnår en gjennom variert ordvalg og ved å variere uttrykksmåter ellers. *Variasjon* oppnår vi f.eks. med å få bort gjentakelser av «har», «så», «etterpå», «og», «deretter», «jeg» og andre som er hyppig brukt i skolestiler.

Presisjon kan en oppnå med å bygge ut substantiviske (nominale) ledd med adjektiver og adjektiviske ledd. En bør, slik det framstilles i lærebøkene fra Sverige, unngå generelle adjektiv som «stor», «varm», «gul», «god» o.fl. Men en bør venne seg til ord som «aktuell», «vesentlig» og «effektiv».

Ferdigheter som blir oppøvd gjennom slike formuleringsoppgaver, blir fulgt opp gjennom tekster elevene skriver sjøl (fri skrivning). Det vil si at de får beskjed om å være presise, variere og ha stor informasjonstetthet. Formuleringsoppgavene tjener til å lære inn en holdning til og ferdighet i språkbruk som følges opp i praktisk skrivning av tekster.

(Forts. side 15)

«NORSK FOR SPRÅKKONSULENTAR» – eit fag for framtida?

Intervju med Lars Vassenden

Spørsmålet om ei meir formell og systematisk opplæring for språkkonsulentar har lege i lufta i noen år no. I Sverige kom det alt i 1978 i gang ei «språkkonsultlinje» ved Stockholms universitet, Institutionen för nordiska språk. Her i Norge fins det ikkje noe tilsvarande enno, men det har lenge vore ei kjensle av at dei tradisjonelle universitetsstudia i nordiske språk ikkje gav godt nok grunnlag for dette yrket. Fleire stader drøftar dei no korleis dette kan gripas an, men det er på Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen at dei er komne lengst med planane om ei utdanning i «Norsk for språkkonsulentar». Styraren på instituttet er universitetslektor Lars Vassenden, og det er han som har arbeidd mest med desse planane. Vi har spurt han kva han ønskjer å oppnå med dette kursopplegget.

– Det viktigaste formålet er å skaffa næringslivet og det offentlege kvalifisert personale som kan gje råd og rettleiing i språkbruk og gå inn i institusjonar der ein har bruk for å arbeida med språkspørsmål. Dei bør kunna gjennomgå og vurdere tekstar som er produserte, og gje rettleiing om utforminga av nye tekstar, både brev, saksframstillingar og formular, men også t.d. informasjonsbrosjyrar. Dei bør dessutan kunna ta på seg intern kursverksemd i dei institusjonane der dei arbeider.

– Korleis har de tenkt å bygge opp kurset?

– Tanken er at det skal gå over tre eller fire semester, og telja som mellomfag eller storfag. Instituttet vil snart ta stilling til kor stort det skal bli; det er til dels eit spørsmål om undervisningskapasitet.

I alle fall må kurset få både ein teoretisk og ein praktisk del. Det teoretiske studiet og dei praktiske øvingane må gå nokolunde parallelt gjennom heile kurset, med vekt på større prosjektarbeid i siste fase. Får vi eit studium på fire semester, kan denne prosjektdelen bli nokså fyldig. Tanken er at studentane då skal utplasserast på ei bedrift eller eit kontor for å praktisera det dei har lært under fagleg rettleiing frå instituttet.

– Kva emne kjem det teoretiske delen til å omfatte?

– For det første generell norsk språklære: syntaks, morfologi, ordlære, semantikk – ikkje minst det siste. Dernest tema som språk og individ, språk og samfunn, språkbrukslære, språklege genrar, språkendingar, språkhistorie, språkplanlegging, språknormer. Ei anna

emnegruppe er tekstkomposisjon, teksttypar og stil, fagspråk. Endeleg vil vi leggja inn kurs i edb og tekstbehandling, og i organisasjons- og administrasjonskunnskap, for å førebu studentane på det praktiske livet dei skal inn i. Dei praktiske øvingane elles må sjølvsgatt både omfatta skriving av egne tekstar og kritisk gjennomgåing og oppretting av andre sine.

– Korleis blir forholdet mellom bokmål og nynorsk?


– Begge målformene må vera obligatoriske og jamstilte emne på kurset.

– Har de undersøkt marknaden for slike fagfolk som de vil utdanne?

– Behovet for dei er i alle fall stort. I dag arbeider det språkkonsulentar på frilansbasis i spreidde samanhengar, eller dei har det som attåtyrke. Sjølv har eg gjort slikt arbeid for fleire institusjonar her i Bergen, som Skatteetatskolen, universitetet, vegkontoret og i ymse bankar. Der har eg diskutert behovet for denne typen spesialisert arbeidskraft, og fått positiv respons. Men vi har enno ikkje kome så langt at vi har kunna nå ut og marknadsføre oss sjølve og skaffa oss ei breiare kontaktflate. Det lyt vi sjølvsgatt gjera når vi set i gang kurset.

– Språkrådet diskuterer for tida liknande planar. Har de vurdert eit samarbeid med dei?

– Vi vil ta kontakt med dei, ja. Vi ville vera svært interesserte i å få til ei form for offentlig autorisering av kandidatane våre, og då vil Språkrådet vera ein naturleg



Lars Vassenden. (Foto: Øyvind Haaland).

samarbeidspartner. Språkrådet må i tilfelle få uttala seg om sjølve kursopplegget. Det er likevel i dag uråd å seia korleis eit eventuelt samarbeid vil bli; Språkrådet tek sikte på andre typar arbeidsoppgåver enn vi med kursopplegget sitt.

– Til slutt, Lars Vassenden, er ikkje dette eigentleg ein framstøyt for større marknadstilpassing av norskfaget?

– Slik kan det sjølvst sagt seiest, og eg reknar ikkje det som nedsetjande i og for seg. Det er eit faktum at vi for tida har mindre studenttilgang til det tradisjonelle norskstudiet, men også at det finst eit behov for ei praktisk retta norskopplæring på høgt nivå. Vi arbeider difor òg med kursopplegg i norsk for teknologisk orienterte studium og for økonomisk-administrativ utdanning her på universitetet – men desse kursa blir mykje kortare enn språkkonsulentkurset.

Men marknadstilpassing er berre *ei* side av saka. Det ligg òg ein god del idealisme bak: eit ønske om at dei språklege kunnskapane og den innsikta i språkspørsmål som er bygd opp i norskfagsmiljøa skal koma andre sektorar i samfunnet til gode enn berre skular og forlag, same kor viktige *dei* er. Vi vil gjera norsk til eit meir allsidig fag enn det har vore til no – og på lang sikt bidra til auka språkmedvet og eit betre språk totalt i samfunnet. Dette er kanskje store vyar, men vi må ha lov til å vedkjenna oss dei.

LSV

Språkrådets planar


Ved sida av Universitetet i Bergen er det først og fremst Norsk språkråd som har arbeidd med planar om ei språkkonsulentutdanning. Mangelen på kvalifiserte språkkonsulentar i samfunnet er noe Språkrådet har kjent på kroppen i mange år, og alt i slutten av syttiåra begynte rådet å arbeide for å få oppretta heiltids konsulentstillingar for bokmål og nynorsk både i NRK og i statstenesta. Frå NRK kom det eit kontant nei, men Språkrådet har framleis kontakt med Kultur- og vit-skapsdepartementet med tanke på å få skipa slike stillingar for statsadministrasjonen generelt. Rådet meiner at desse stillingane bør leggas til Språkrådet sjøl. Det er enno ikkje funne rom for slike stillingar på statsbudsjettet, men Språkrådet aktar å halde saka varm med tanke på seinare budsjett.

Det er på denne bakgrunnen at rådet alt for eit par år sia tok til med å utarbeide planar for ei offisiell godkjenning- eller autoriseringsordning for språkkonsulentar. Det er laga eit opplegg til ei slik ordning, med eit teoretisk og praktisk kurs følgd av ein eksamen som Språkrådet skal stå for. Tanken er da å legge spesiell vekt på lærebokgranskning og språkleg rettleiing i statsadministrasjonen. Opplegget er laga i språkrådssekretariatet, men enno ikkje realitetsdrøfta av fagnemnda og styret.

Derimot har fagnemnda nyleg diskutert om Språkrådet sjøl skal arrangere kurset, eller om andre institusjonar (t.d. universitet) skal trekkas inn. Dette er ikkje avklart. Somme hevda at Språkrådet må legge mest vekt på dei praktiske, og at universitetsutdanning erfaringsmessig ikkje er noen garanti for kvalifikasjonar som språkkonsulent. Kurset ville m.a.o. vere ei naturleg oppgåve for Språkrådet. Andre var i tvil om Språkrådet hadde eller kunne få økonomi til å drive ei slik opplæring aleine. Som muleg samarbeidspartner vart Universitetet i Oslo nemnt: der blir det arbeidd med planar om eit såkalla semesteremne i praktisk målbruk for andre enn norskstudentar, og ei samordning her kunne vurderas, vart det sagt.

Det er heller ikkje avklart korleis forholdet mellom bokmål og nynorsk skulle vere i eit eventuelt kurs. Somme ønskjer separate kurs for dei to målformene, andre vil ha begge som obligatoriske emne i eitt kurs.

Språkrådet kjem i alle høve til å arbeide vidare med saka.



VALENTINA CRUZ

SPRÅKKONSULENTUTDANNING I SVERIGE

Når arbeidet med å bygge opp ei språkkonsulentutdanning blir tatt opp her i Norge, er det ikkje noe nytt og originalt som skjer. I Sverige er denne utdanninga alt forlengst etablert, og i Danmark har dei liksom hos oss begynt å arbeide med konkrete planar om det. Lars Vassenden var i fjor haust i desse to landa for å undersøke forholda der, og Språklig Samling bad han gi oss ei utgreiing om situasjonen, med særleg vekt på den svenske «språkkonsultlinjen».

Den institusjonen her i Norden som verkeleg har røynsle med å utdanna språkkonsulentar er Institutionen för nordiska språk ved Stockholms Unversitet. Der har dei fullført tre kurs og er no i gang med det fjerde. Kursa går over fire semester, og kvart kurs har ca. 20 studentar som blir tekne opp etter ei opptaksprøve. Den daglege leiaren for kurset er Olle Josephson, som eg

møtte då eg var i Stockholm og fekk mykje av informasjonen min frå.

Søknaden til kurset har ikkje vore så stor, men dette kjem delvis av manglande marknadsføring. I fjor melde det seg 30–40 innan fristen, men ei annonse i Dagens Nyheter etterpå førde til 60–70 i tillegg. Dei fleste søkjarane har gymnas- eller svensklærerutdanning, og ein del har yrkespraksis i privat eller offentleg verksemd.

Kurset omfattar desse emna, slik det er uttrykt i studieplanen: «Svenska språkets struktur; Språket, individen og samhället; Språkpsykologi; Textanalys; Språkets förändring, språkvårdsfrågor; Språket hos myndigheter, organisationer och företag, massmediernas språk». I tillegg kjem dei praktiske øvingane, som går parallelt med teoristudiet. Første semesteret blir brukt til eigne skrivøvingar og kollektiv vurdering av produkta, andre semesteret til vurdering og omforming av tekstar. I dei siste to semestra står tekstanalyse sentralt. Alle slags tekstar blir analyserte, også skjønnlitterære, og det blir lagt vekt på å læra å vurdere tekstar i høve til språkbrukssituasjonen.

Det blir òg undervist i munnleg språkbruk: røystebruk og taleteknikk, munnleg framstilling og pedagogiske arbeidsformer og -måtar. Dette fordi det blir rekna som viktig for studentane å kunna halda foredrag og gje undervisning sjølve. Individuelle og dialektale uttalemåtar blir då normalt ikkje korrigererte.

Ein viktig del av kurset er praksisperiodane, der studentane blir utplasserte ved eit offentleg kontor eller i eit firma. Dei får tre slike periodar: Den første er på fire veker i andre semester, og då skal studentane, helst to-tre saman på same arbeidsplass, gjera seg kjende med språkproblem og teksttypar på denne arbeidsplassen. Dette skal dei laga ein rapport om, som dei lyt leggja fram både på arbeidsplassen og på instituttet. I tredje semester får dei nye fire veker på same staden, og då skal dei driva aktiv rådgjeving og vera med på å forma ut tekstar. Siste semesteret får dei så heile ti veker, helst på ein ny arbeidsplass, og oppgåva er då å utforma undervisningsopplegg for dei tilsette på arbeidsplassen. Dei skal òg gjera anna språkkonsulentarbeid, og laga ei eksamensoppgåve der dei gjer greie for og analyserer dei problema dei har møtt i praksisperiodane.

Praksisplassane har hittil vore offentlege kontor, forlag, og større private bedrifter som L. M. Ericsson og

SPRÅKKONSULTLINJENS MÅL OCH INRIKTNING

Innriktning

Utbildningslinjen skall utbilda konsulter i svenska språket hos myndigheter, organisationer och företag. Den utgör också en lämplig bakgrund för informatörer, redaktörer, utbildare och utredare.

Mål

Utbildningens mål är att ge de studerande utmärkta färdigheter i

- att uttrycka sig i tal och skrift
- att tolka och omarbeta text
- att i samverkan med fackskribenter framställa goda texter
- att hjälpa fackskribenter att utveckla ett ändamålsenligt skrivsätt
- att planera och genomföra utbildning i praktisk svenska i företag, verk och organisationer
- att analysera kommunikationsproblem
- att urskilja och reda ut språkliga problem
- att föreslå och bedöma termer och benämningar
- att värdera språkliga uttryck och lämna råd i frågor kring språkvård och språkriktighet

Färdigheterna förutsätter mycket goda kunskaper om svenska språkets byggnad (fonetik, morfologi, syntax, semantik)

- språklig variation i det svenska samhället
- förändringar i svenskt språkbruk, främst under senare tid
- textanalysens teori och metod
- språket i massmedier, statlig och kommunal förvaltning samt i näringsliv och organisationer
- språkpsykologi med tonvikt på förståelse- och läsbarhetsforskning
- pedagogiska arbetsformer

(Frå studieplanen for kurset.)

SAS. Studentar med yrkespraksis kan eventuelt bruka den tidlegare arbeidsstaden sin og la kurset fungera som vidareutdanning der.

Kvar blir det så av kandidatane? Det finst for tida inga anna yrkesgruppe med så grundig og allsidig kjennskap til svensk språk som dei. Men det er ikkje lett for dei å få faste stillingar; dei fleste er frilansarar. Nokon stor etterspurnad etter språkkonsulentar er det altså ikkje, og dei har enno ikkje danna noka fagforeining. På den andre sida greier nesten alle å skaffa seg arbeid innanfor det feltet kurset har utdanna dei for. Dei fleste bur i Stockholm, der det er lettast å få arbeid. Alt i alt er arbeidssituasjonen for språkkonsulentar i Sverige truleg ikkje verre enn for juristar, og det er von om at etterspurnaden kan auka etter kvart som utdanninga blir betre kjend.

I Danmark er dei i gang med å byggja opp ei liknande

utdanning. Innanfor faget «anvendt sprogvidenskab» på Københavns Universitet tilbyr dei eit spesialkurs i «sproglig rådgivning», og det har mykje til felles med språkkonsulentutdanninga. Kurset er tenkt å omfatta: «Kommunikationsanalyse (med sociolingvistik, mediekundskab, sprogbrugens magtfunktioner og irrationelle mekanismer)», og: «Sproglig rådgivning og sprogstyring», i tillegg til prosjektarbeid. Målet for studiet er formulert slik:

«Gennem studiet på denne linie skal kandidaten erhverve sig en sådan indsigt i vilkårene og mulighederne for sproglig rådgivning, herunder sproglige normer, at han/hun er i stand til at analysere og tage stilling til interesser og konflikter i en forelagt kommunikationsoppgave og herefter give motiverede forslag til løsninger på den.» □

Å SKRIVE ER IKKE BARE - - -

(Forts. fra side 11)

Motforestillinger

Denne undervisningsmetodikken har blitt møtt med en del kritikk (i bladet «Svenskläraren») bl.a. fordi den hemmer kreativitet og undervurderer elevene sin språkbruk. Man mener opplegget ikke godtar elevenes egen språkbruk som fullverdig/verdiful nok. Den fortjener å bli behandla bedre.

Slike motforestillinger blir avvist med at svært mange elever føler de ikke kan skrive og de får dårlige karakterer. De vil oppleve det som ei stor hjelp å få støtte til å forbedre seg, dvs. skrive etter normer for anerkjent språkbruk. De vil gjerne skrive slik at de blir tatt på alvor, og ikke vurdert som dumme som følge av at de ikke skriver godt nok.

Norma som dette bygger på, kan komme i konflikt med lett forståelig språk. Trekk som ordvariasjon og innholdstetthet gjør språk vanskelig. Ordvariasjon vil lett innebære ukjente ord og lange/tunge ord. Og innholdstetthet krever sjølsagt en innsats av leserne om de skal få med seg det som står. Men hva som er best av innholdstette tekster og innholdslette (utvanna) tekster er neppe helt klart.

Det varierte og tette språket kan i seg sjøl lette oppfattelsen av teksta fordi det virker inspirerende på lesinga. Det gir lyst til å tilegne seg stoffet. En lite variert og «grå» stil kan virke som barriere. Tekstutforminga gir lesemotivasjon. Brukt med forstand kan det svenske opplegget unngå å komme i konflikt med forståelighetsbestrebelse. Det må legges til at jeg i de tilgjengelige rapportene, lærebøkene og i debatten ikke har funnet at forståelighetssynspunkt har blitt kopla inn.

Dette opplegget gjaldt oppbygging av setninger og kortere tekstbiter. I artikkelen i *Eigenproduksjon* presenterte jeg også et opplegg for opplæring i *tekststruktur*, altså disponering av lengre tekster. Jeg henviser interesserte til den artikkelen.

Tvetydig overskrift

«Å skrive er ikke bare å skrive i vei» var overskrifta til denne artikkelen.

Utsagnet er tvetydig. Mi mening har vært å få fram nettopp de to innfallsvinklene til skrivning – skrivernes og lesernes behov:

1. Å skrive er vanskelig for mange av oss. Derfor kan det utvikles undervisningsmetodikk slik at folk effektivt kan lære å skrive. Vi skriver ikke bare ut fra intuisjon.
2. En kan ikke bare skrive hvordan man vil. Hensynet til leserne er viktig. Det skrevne må være forståelig, presist og engasjerende. Lesing skal kunne være både informasjonsinnhentning og nytelse.

For å oppnå disse delmåla bør det utvikles teori for hvordan skriftspråk bør være. Med grunnlag i forskning bl.a. om forståelig, presist og engasjerende («vakkert») språk bør det gis veiledende normer for yrkesskribenter såvel som for skoleelever. Vi bør rette blikket mot problemområder i den praktiske språkbruken som har vært lite behandla til nå, f.eks. setningsoppbygning, ordvalg og tekststruktur.

Videre bør man f.eks. på universiteta bygge opp studier i praktisk språkbruk. Studia kan være delfag for studenter på alle fakulteter, og det kan være del av norskstudiet på grunnfags- såvel som på hovedfagsnivå. Disse studia bør inneholde både teori om språkbruk og praktiske øvinger. Vekta kan legges på teoretiske eller praktiske sider alt etter nivå. Men det må alltid være ei kopling mellom teori og praksis. Øvinger, regler, forskningsresultater og teori må koples sammen. Og alle delene må være med. Genre- og tekststudier alene gir f.eks. ikke automatisk evne til å skrive. Og bare øving gir ikke innsikt nok til å mestre mange skrivesituasjoner.

Litteratur: Den svenske undervisningsmetodikken det er vist til, fins omtalt i: *Skrivträning i gymnasieskolan (LHM): Genom språket till innehållet: Ett preliminärt skrivträningsprogram för år 1³ i gymnasieskolan*. Pedagogiska hjälpmedel nr 21, 1976. Utg. ved Pedagogisk-psykologiska institutionen, Lärarhögskolan i Malmö/Lunds Universitet.

NOEN TANKAR FRÅ SIDELINA

Av Lars S. Vikør

Avspeglar det vi har skrive om i dette heftet eit verkeleg samfunnsbehov? Eller er det berre snakk om ei ny gruppe spesialistar som vil danne seg eit «laug» og monopolisere enda ein sektor i samfunnet – denne gangen sjølve språket?

Noe endeleg svar på dette kan vi ikkje gi her. At det eksisterer eit ustetta behov på dette området, trur vi nok det er dekning for å seie. Dei årelange og velgrunna klagene over dårleg og ugjennomtrengeleg språkbruk frå det offentlege kan vanskeleg tolkas annleis. Det står neppe noe betre til innafør det private næringslivet, særleg ikkje no når «datoriseringa» er på veg inn for fullt.


Arbeidet for ei fastare utdanning og ein «yrkesdefinisjon» for språkkonsulentar er da også i tråd med ei allmenn utvikling i samfunnet vårt: i eit stadig meir innføkt samfunnsmaskineri vil det vekse fram nye typar kompetansar for alle slags spesialistoppgåver. Dei som skal utføre desse oppgåvene, vil naturleg nok få eit ønske om ein synleg og erkjent yrkesidentitet, faglege forum og faglege institusjonar der dei teoretiske sidene ved yrket kan utviklas. Men vil så dette føre til at vi får ei ny gruppe språklege «maktthavarar» med ein eigen fagsjargong og vasstette skott mot samfunnet ellers?

Slike spørsmål er viktige for dei som skal bygge opp den planlagte språkkonsulentutdanninga. Hovudmålset-

tinga med denne utdanninga er at ho skal vere med på å *motverke* ei overdriven oppsplitting i eit mylder av innbyrdes uskjønlege fagsjargongar. Språkkonsulentane skal fremst av alt bruke ekspertisen sin til å halde kommunikasjonskanalane i samfunnet opne, ikkje tette dei att; dei skal vere ein forlenga arm for det store publikum inn i fagmiljøa. Dette er det ideelle målet som ligg bak.

I tillegg til – eller helst som ein del av – dette ideelle målet kan vi nemne ein del meir konkrete språkpolitiske målsettingar som det stort sett er allmenn semje om: Norsk språk skal bevaras og utviklas på alle dei felte eit moderne samfunn krev, og ein massiv engelsk påverknad som kan grave grunnen under norsk og skape nye store språklege klasseskille her i landet skal motverkas. Denne oppgåva er i seg sjøl stor nok til å kreve *mange* høgt kvalifiserte spesialistar.

Det tradisjonelle norskstudiet med si vekt på teoretisk innsikt i språk og litteratur er dårleg eigna til å skape slike spesialistar. Samtidig kan vi ikkje greie oss utan det historiske framvaksne norskfaget; det spelar ei uhyre



viktig rolle for den språklege og kulturelle identiteten vår som folk. Å bygge opp ei alternativ utdanning for språkkonsulentar er derfor klart meir føremålstenleg enn å prøve å integrere denne funksjonen i det tradisjonelle norskfaget. Men da er det også umåteleg viktig at denne utdanninga ikkje blir einsidig «praktisk», slik at ein berre lærer opp nærsynte teknokratar. Ei grundig opplæring i praktisk språkbruk er heilt nødvendig, men eit teoretisk studium som skaper bevisstheit om og innsikt i det kompliserte samspelet mellom språk, samfunn og individ er like nødvendig. Ein god språkkonsulent skal ikkje berre gjere jobben sin, han må også vite kva han gjer.

Lovande opplegg

Dei som i dag arbeider med å legge opp og førebu denne nye utdanninga, ser ut til å vere medvetne om desse problema. Spesielt det opplegget Lars Vassenden presenterer her i bladet, verkar lovande i så måte. For ein uinnvigd kan det sjå stort og pretensjøst ut, men eit slikt uprøvd opplegg må nødvendigvis justeras etter kvart som ein gjer praktiske røynsler med det.

Eit spørsmål ein kan stille seg, er om det er rom for fleire slike kurs ved ulike institusjonar. Hittil har Språkrådet og Universitetet i Bergen arbeidd med kvar sine planar heilt uavhengig av kvarandre, og det ser ut til at dei peikar i noe ulik lei. For begge institusjonane kan kapasitetsproblemet bli litt av ein flaskehals når dette skal gjennomførast, og det problemet blir truleg verst for Språkrådet. Det er all grunn til å spørre seg om rådet vil kunne makte eit slikt løft aleine – i alle fall utan å få ei kraftig ressursinnsprøyting over statsbudsjettet.

Spørsmålet er da om ikkje eit samarbeid eller ei samordning tvingar seg fram, t.d. slik at ein baserer seg på Bergensopplegget, og der bygger inn lærebokgranskning og anna forlagsarbeid som ei muleg spesialisering. Etter vårt syn ville det vere ei god løysing.

Desentralisering?

Eit viktig poeng er det geografiske. «Språknormsenteret» i Norge har i mannsaldrar lege i Oslo, og det har ikkje berre hatt heldige sider. Det er neppe tvil om at ei språkkonsulentutdanning og det fagmiljøet som vil bygge seg opp rundt den, kan danne eit nytt slikt senter, der det blir lagt premissar for den formelle og uformelle normeringa av norsk språk på alle plan. Det er sunt og riktig at det blir lagt utanfor Oslo og Austlandet, og det avspeglar at vi er på veg til å få nye kulturelle og økonomiske tyngdepunkt i kyst-Norge.

Men behovet for språkkonsulentar er truleg like stort i alle landsdelar, både her og i Sverige. Frå Sverige kan Vassenden rapportere at dei fleste utdanna språkkonsulentane får jobb i Stockholm. Det er nærliggande å gå ut frå at det heng saman med at utdanninga er plassert der, og at utplasseringa i «praksisperiodane» har foregått der. Denne utplasseringa kan i seg sjøl fungere som ei «marknadsføring» av kurset og ei bevisstgjerjing i vidare

krinsar enn blant filologar om behovet for språkkonsulentar. Derfor kunne det vere verdt å vurdere ein viss spreingspolitikk, noe som lettast kunne gå for seg ved at ein del av studentane fekk «praksisperiodar» i andre landsdelar, med fagleg støtte dels frå Bergen, dels frå lokale fagmiljø. Språkrådet kunne til dømes komme inn på denne måten, som fagleg rettleiar for studentar som tar praksisperiodar med lærebokgranskning eller språkarbeid på eit statskontor i Oslo. Ein slik spreingspolitikk vil truleg bidra til å auke etterspørselen etter kandidatane frå kurset – og det er eit kjernepunkt om opplegget skal vere liv laga. Etterspørsel og behov er som kjent to ulike ting.

Kva med nynorsken?

Eit siste punkt er særleg viktig for ein nynorskbrukar: Korleis vil nynorsken hevde seg i denne nye «næringsgreina»? Det kan vere eit diskusjonsemne om bokmål og nynorsk skal vere obligatoriske og jamstilte på kurset (som dei går inn for i Bergen), eller om det skal vere særskilte frivillige bokmåls- og nynorsk kurs (som somme i Språkrådet er inne på). Det siste vil sjølsagt gjere kurset meir overkommeleg for studentane – men neppe i så stor grad som ein lett kan bli freista til å tru. Det er ei kortslutning at to målformer er dobbelt så vanskelege og tar dobbelt så lang tid som ei. Røynsler frå språklæring viser at dess fleire språk ein lærer seg og dess grundigare ein gjer det, dess lettare er det å lære seg nye. Og noe av det same gjeld her: ei grundig oppøving av språksans, nøyaktigheit og uttrykksevne i den eine målforma på det nivået der her er snakk om, vil kunne verke befruktande på dei tilsvarende ferdigheitene i den andre – så sant det skjer under forsvarleg og sakkunnig leiing. Ein stor prosent av problema er trass i alt felles for målformene.

Skil ein bokmål og nynorsk, må ein i alle fall gi høve til å ta begge for dei som vil. Det kan føre til at dei fleste bokmålskonsulentane ikkje tar nynorsk, mens om lag alle nynorsk-konsulentane tar begge. Dette kan bli til fordel for nynorsk-konsulentane: sidan dei blir dei høgast kvalifiserte, kan dei komme til å stå sterkare i konkurransen om arbeid. Men det blir ikkje til fordel for nynorsken, fordi sjølve denne situasjonen kan føre til at det blir for få nynorskspesialistar til å dekke behovet.

På denne bakgrunnen bør det vere eit krav at begge målformene blir obligatoriske emne på kurset, og at kandidatane blir prøvd i begge. Røynslene får vise om ein bør opne for ei viss spesialisering i eit hovudmål i siste fase av kurset, avhengig av kva type arbeidsplass kandidatane tar sikte på. For eit statskontor t.d. vil det vel vere urasjonelt å ta imot to kandidatar for å få dekt begge målformene når dei kan greie seg med ein.

I alle høve er det positivt for nynorsken at denne utdanninga blir lagt til Bergen, ein by med eit nynorsk oppland. Denne fordelene bør kursleiinga utnytte, slik at nynorsken blir integrert i den praktiske delen av kurset som eit levande bruksmål – ikkje berre ein dose plikt læring, slik det lett vil bli i Oslo. □

OM NORMERING AV SPRÅKET I LESEVERK

Eit utkast til reglar frå Norsk språkråd

For eit par år siden vedtok Norsk språkråd å ta opp dei gjeldande reglane for normering av språket i litterære tekster i leseverk til ny vurdering (sjå om dette problemet Språklig Samling nr. 3 – 1982, side 5 og 12–13). Resultatet av drøftingane i ein spesialoppnemnt komité, fagnemnda og styret vart det utkastet til nye reglar vi trykker her. Det var oppe på Språkrådets årsmøte på Gran nyleg (sjå referat på dei følgjande sidene), men avgjerda vart utsett til neste språkrådsmøte, som kjem enten til hausten eller i januar neste år.

Det viktigaste føremålet med å normere språket i leseverk er at tekstene skal bli lettare å forstå for elevane. Eit anna føremål er å stø opp under skriftmålsopplæringa på alle klasseteg, men her kan det likevel vere pedagogiske omsyn som talar for at ein del av tekstene – i det minste i ungdomsskolen og i den vidaregåande skolen – bør vere heller lite normert. På den måten kan elevane få demonstrert utviklinga i norsk litteraturspråk og i ein viss monn venje seg til å møte også den eldre diktinga i diktarens eiga språkform.

Allmenne føresetnader

Lesebøker og leseverk for skolen inneheld tekster av mange slag. Desse bøkene er antologiar, som skal gje innsyn i språkleg og litterær kultur frå ulike tider. Dei har ulike brukargrupper med di elevane er av ulik alder, og dei som vel ut tekstene, må ta omsyn til det. Både alderssteget til elevane og typen av tekst bør ha innverknad på graden av normering.

Språket i dei originale tekstene skil seg etter kva tidbolk dei er frå. Vidare vil det alltid vere skilnad mellom språket i sakprosa og språket i skjønnlitterær prosa, og i skjønnlitteraturen vil det ofte vere ulik språkform i prosa og i lyrikk. Dessutan har ein fleire mellomformer, til dømes i litterær essayistikk. Særmerke i den språklege forma kjennest gjerne som ein del av sjølve identiteten i ei skjønnlitterær tekst. Sakprosaen krev først og fremst eit presist innhald og ein logisk framstillingsmåte. Alt dette må ein ta omsyn til når ein skal avgjere om språket skal normerast, og korleis det eventuelt skal normerast.

Dessutan kan ein ikkje sjå dei to skriftmåla under eitt når det gjeld graden av normering. På fleire måtar er det ulike høve mellom den trongare og den vidare norma (læreboknormal og rettskriving) i dei to måla, og litterær tradisjon og språksosiale tilhøve kan somtid slå ulikt ut.

I leseverk for den vidaregåande skolen må ein òg ta omsyn til leseplanane for dei ulike studieretningane. Slik det er no, har allmennfagleg studieretning mange fleire timar i norsk enn yrkesfaglege studieretningar.

Desse skilnadene vil kunne få konsekvensar for normeringa. Vanlegvis vil det vere meir bruk for å normere tekster frå eldre enn tekster frå nyare tid. Det er meir forsvarleg å normere sakprosa enn skjønnlitterære tekster. Ein må vere meir varsam med å gripe inn i poetiske tekster enn i prosatekster, og ein må ikkje gjere slike inngrep at det går ut over rim og rytme. Det er meir rimeleg å setje faste rammer for låge enn for høge klasseteg, og det er jamt over mindre grunn til å normere språket i leseverk for allmennfagleg enn for yrkesfaglege studieretningar.

Allmenne prinsipp

Som allment prinsipp gjeld det at ein for klassetega 1–6 i grunnskolen bør normere prosatekstene etter læreboknormalen, og for alle klassetega i grunnskolen bør ein normere sakprosa etter læreboknormalen. I den vidaregåande skolen kan ein for sakprosa og skjønnlitterær prosa la den vidare rettskrivinga vere grunnlag for normeringa.

Ved valfrie former skal ein normere til den forma som ligg forfattarens eiga form nærast. I alle høve må ein

vere svært varsam med å gripe inn i ordval og målføring, særleg når det gjeld skjønnlitterære og essayistiske tekster. Her bør ein normalt ikkje endre på originalen. Er det brukt sjeldsynte eller lokalmerkte ord, bør ein heller gje ordforklaringar enn prøve å byte ut ord og uttrykk.

Når det gjeld prosatekster i barneskolen, kan det stundom vere nødvendig å skifte ut sjeldsynte og lokalmerkte ord, eller eventuelt gjere ei varsam omskriving når språket elles vil vere for tungt for alderssteget. Da må ein opplyse at teksta er endra. Hovudregelen må likevel vere at ein vel tekster som utan vidare høver for alderssteget både etter innhald og form.

Måten eit leseverk er utforma på, kan ha konsekvensar for kravet om normering. Dersom det er tilstrekkeleg med kommentarar til ord og seiemåtar, eller det er laga arbeidsoppgåver som knyter seg til språket i tekstene, er det rimeleg å sjå annleis på spørsmålet enn når tekstene ikkje er kommenterte.

For omsette prosatekster bør normeringskravet vere strengare enn for norske originaltekster.

Det er forlaget og ikkje Norsk språkråd som har ansvaret for å få samtykke til språkleg normering av tekster i høve der forfatarrettane er verna av åndsverklova.

Retningslinjer

Uttrykket «varsamt normert», som er brukt nedanfor, tyder at det er gjort grafiske endringar, til dømes:

aa > å (naar > når), dobbeltvokal > enkeltvokal, stor bokstav > liten bokstav (Buk > bukk), i > j når uttalen er j, fjerning av stum d (plads > plass), høit > høyt, af > av, ld > ll og nd > nn (fjeld > fjell, skulde > skulle, vand > vann), og endringar som at > å, Heste > hester, Huse > hus, vi ere > vi er, vi kunne (flt.) > vi kan.

Grunnskolen

1.–6. klasse:

Både sakprosa og skjønnlitterær prosa skal normerast etter læreboknormalen.

Normalt skal også poesi normerast i samsvar med læreboknormalen, men her kan ein i visse tilfelle nytte den vidare ramma som rettskrivinga er, og unntaksvis også la former utanfor rettskrivinga bli ståande (gjeld blant anna tidlegare godkjende rettskrivingsformer).

7.–9. klasse:

Sakprosa skal normerast etter læreboknormalen; skjønnlitterær norsk prosa skal normerast etter rettskrivinga. Skjønnlitterær prosa frå før 1850 kan stå varsamt normert.

Omsett prosa skal normerast etter læreboknormalen; norsk essayistikk skal normalt normerast etter læreboknormalen, men her kan ein i spesielle tilfelle normere etter den vidare rettskrivinga.

Poesi står varsamt normert.

Den vidaregåande skolen

Studieretning for allmenne fag:

Sakprosa skal normerast etter læreboknormalen eller rettskrivinga.

For bokmål:

Skjønnlitterær norsk prosa kan ein normere etter rettskrivinga eller la stå varsamt normert, men fleirtalet av slike tekster (dvs. over halvparten av samla sidetal) skal vere normert.

Eventuell veksling mellom normerte og unormerte tekster må vere kronologisk akseptabel (det vil seie at eldre tekster ikkje må få eit meir moderne språkpreg enn nyare tekster). Det er høve til å la enkelte tekster stå heilt unormerte (språkprøve).

For nynorsk:

Skjønnlitterær norsk prosa skal normalt normerast etter rettskrivinga; unntaksvis kan tekster stå varsamt normerte.

Omsett prosa skal normalt normerast etter læreboknormalen. Norsk essayistikk skal normalt normerast etter læreboknormalen, men her kan ein i spesielle tilfelle normere etter rettskrivinga.

Poesi står varsamt normert.

Andre studieretningar:

Som for 7.–9. klasse.

Merknader

1. I nyare skjønnlitterære prosatekster for ungdomsskolen og den vidaregåande skolen kan unntaksvis *former utanfor rettskrivinga* bli ståande:
bokmål: sten, grube, bygget (v.), betød, jog, meget (for mye); hu, magan, gutta; o.l.
nynorsk: duve (s.), leid (s.), yver, so; o.l.
2. I vanleg skjønnlitterær prosa i tekster for ungdomsskolen og den vidaregåande skolen skal *replikkar* normalt stå uendra.
3. *Dialekttekster* skal normalt stå uendra, men ein må ha høve til å rette inkonsekvensar i attgjevinga av dialekten. Dialekttekster skal utgjere berre ein mindre del av leseverket.
4. *Brev, dagbøker o.l.* bør ein vere varsam med å normere.
5. Tekster (prosa og poesi) med ei språkform som er *offisielt godkjend* eller *vedteken*, skal stå i denne språkforma (bibel- og katekismetekster, liturgi, lover, reglement, Menneskerettsfråsegna; nasjonal-songen, salmar).
6. Fotografiske opptrykk (*faksimile*) av tekster frå aviser, vekeblad o.l. kan stå som faksimile dersom bruken av faksimile har ein verkeleg funksjon, det vil seie dersom det typografiske oppsettet eller heilskapen av illustrasjon og tekst tilseier det, til dømes i reklameannonsar og ved attgjeving av teikneseriar. (Det må gå fram av manuskriptet kva forlaget ønskjer å gje att som faksimile. Elles skal slike tekster følgje normeringsreglane og prentast på vanleg måte.)
7. Gjeldande *teiknsetjingsreglar* og andre praktiske skrivereglar skal gjennomførast i alle tekster. Unntak er (sjølvst) heilt unormerte tekster og tekster (særleg poetiske) der forfattaren har hatt ei bestemt mein- ing med ikkje å følgje skrivereglane.
8. For lærebøker i norsk (språklærer, språkhistorier, grammatikkar) og for songbøker blir det utarbeidd særskilde reglar. □

Frå Språkrådets årsmøte 1985:

Normering, NOU, rettskriving

Norsk språkråd hadde i år årsmøtet sitt på Gran på Hadeland den 25.–26. januar. Møtet lei av den veikskapen språkrådsmøte jammast er plaga av: eit langt og utflytande ordskifte om rettskrivingspørsmål som går sterkt ut over andre viktige punkt på saklista. Eitt av hovudpunkta på programmet denne gongen var «overdialektale normer for talespråk» (sjå Språklig Samling nr. 2-1984), men det vart utsett på grunn av tidsnaud. Dei andre større sakene skal vi her gi stutte referat frå.

Om normering av språket i leseverk

Det var lagt fram eit utkast til reglar for normering av litterære tekster til skolebruk. Vi trykker utkastet på side 18–19 her i bladet. Det førte til eit lengre ordskifte, og det endte med at saka vart utsett til eit seinare møte.

I ordskiftet peika Geirr Wiggen på at utkastet baserer seg på altfor faste grenser mellom ulike sjangrar. I praksis kan desse grensene og kriteria for dei ulike sjangrane (poesi, skjønnlitterær prosa, sakprosa osv.) vere temmeleg flytande. Er essayistikk t.d. sakprosa eller skjønnlitteratur? Wiggen kritiserte òg den redsla for formvariasjon som låg til grunn for utkastet som ein usagt føresetnad. Så langt frå å verke «forvirrande» på små ungar, kan utradisjonelle former i lesetekstene oppmuntre og inspirere dei til større kreativitet. Endeleg stilte han spørsmålsteign ved uttrykket «inkonsekvensar i attgjevinga av dialekten». Inkonsekvens og variasjon er faktisk det normale ikkje berre i «dialekt», men i alt talemål, sa han. Andre (Ole Michael Selberg og Ivar Eskeland) kritiserte det dei kalla diskriminering av omsetningslitteraturen, som ifølgje regelutkastet skal normeras strammare enn original norsk skjønnlitteratur.

Tor Guttu åtvare mot rettingar som endra stiltonen, t.d. frå *beina* til *beina* hos Anne-Cath Vestly, mens Kjell Venås var skeptisk til å godta reine bokmålsformer i tekster av moderne nynorskforfattarar, t.d. *sang* og *marked*. Da kan elevane seie: «Korfor kan ikkje vi skrive slik når Kjartan Fløgstad kan?»

Leif Mæhle, formann i Språkrådet, understreka at det utkastet styret hadde lagt fram var ei klar liberalisering i forhold til dei reglane som gjeld no. Eit konkret endringsframlegg kom det berre frå riksmålshald; det var Brynjulv Bleken som foreslo å skjere igjennom med

ein enkel regel om å bruke den offisielle *rettskrivinga* (altså ikkje læreboknormalen) som ramme for all normering av slike tekster, uansett sjanger og klassesteg. Framlegget vart ikkje realitetsdrøfta. Saka kjem opp att på neste rådmøte, enten til hausten om rådet får pengar til eit ekstra møte da, eller på årsmøtet 1986. Siste innlegg i debatten denne gongen fekk Sigmund Strømme, som sa at ei lausare normering av slike tekster måtte få konsekvensar for reglane for kvotefordeling av tekster på ulike målformer i slike verk. Han forklarte ikkje korleis, men det bør han gjere før saka neste gong blir tatt opp til ordskifte.

NOU 1984:16: Styrking av norskundervisningen i alle skoleslag

Også her hadde styret lagt fram eit dokument, eit fråsegnutkast. I utkastet vart det gitt sterk støtte til dei mange styrkingstiltaka norskkommissjonen hadde foreslått i tilrådinga si. På somme punkt vart det uttrykt kritikk: det gjaldt særleg avsnittet om sidemålet, der kommissjonen «diverre uttalar seg som om sidemål og nynorsk er eitt og det same», som det heiter i fråsegna. Kommisjonen burde altså ha sagt noe meir om dei heilt ulike pedagogiske vilkåra for dei som har nynorsk resp. bokmål som sidemål. Fråsegnutkastet uttrykte òg tvil om framlegget om eit obligatorisk norskkurs for alle kandidatar ved universitet og høgskolar, og bad om at saka måtte bli utgreidd av ei særskilt nemnd der også Språkrådet fekk bli med.

I ordskiftet syntte det seg klart at vi her er inne på spørsmål der Språkrådet står samla. Det kom fram ein del ekstra moment som det vart foreslått å ta inn i den endelege fråsegna, men berre to av dei førte til avstemning: eit framlegg frå

Tor Guttu om å få ei særskilt utgreiing om sidemålsspørsmålet, og eitt frå Ola Jonsmoen om å stø kravet om obligatoriske norskkurs på universitet og høgskolar. Begge framlegga fall.

Ellers foreslo Tove Bull at tospråklegheit og fleispråklegheit skulle bli eit obligatorisk emne i lærarutdanninga, og Egil Børre Johnsen meinte at styrkingsframlegga frå norskkommissjonen måtte føre til ei utgreiing òg om andre fagplanar og sjølve skolestrukturen – sidan morsmålet skulle vere eit grunn-element i all undervisning. Han foreslo òg at det blir skaffa opplysningar om korleis andre nordiske land fordeler og utnyttar morsmålstimane.

Rettskrivingssaker

Fagnemnda hadde presentert ei uvanleg lang liste over framlegg til rettskrivingsvedtak denne gongen, nesten tretti A4-sider fulle. Når Dag og Tid på leiarplass etter møtet skriv at det einaste som kom ut av det var at ordet *ressurs* berre skal ha ein *s*, viser det altså berre det vi alt kunne konstatere på møtet, nemleg at Dag og Tid ikkje hadde noen journalist der. Å gi eit referat av debatten på dette punktet vågar vi oss ikkje på, men vi skal referere noen av vedtaka og tillate oss ein generell kommentar til saksbehandlinga.

Nynorskvedtak

Dei viktigaste vedtaka vart etter vårt syn gjort i nynorskseksjonen. Omsider fekk endinga *-heit* ei offisielt fastlagt form og bøying (*-heit-a*), og det vart gitt grønt lys for femten nye ord med denne endinga i ordlistene (m.a. *drektingheit*, *frekkheit*, *godheit*, *griskheit*, *grådighet*, *hyppighet*, *mog(e)legheit*, *myndighet*, *nyheit*, *tomheit*, *tospråklegheit* og *travelheit*). Mellom andre «nye» ord som kom inn, nemner vi *alminne-*



Frå eit tidlegare rådsmøte. I framgrunnen: Geirr Wiggen og Ernst Håkon Jahr. (Foto: Øyvind Haaland).

leg, antrekk, avbrekk, avfeldig, for-døyelse, forfating, forskjell, fullbyrde, innrømme, innskrenke, innsnevve, ny-deleg, nøle, plutseleg, taus. I tillegg vart muleg/ig tillaten som sideform til mog(e)leg.

Fornorsking av fremmedord

Språkrådet vedtok for eitt år sidan å fornorske stavemåten på ei rekke fremmedord etter forhandlingar med dei andre nordiske språknemndene, slik at det her er snakk om fellesnordiske endringar. Det er her *resurs* kjem inn; vi har «gitt bort» ein *s* for å få danskane til å gi opp «ressource» (svensk har alt *resurs*). Når vedtaket kom opp att i år, var det fordi Kulturdepartementet hadde gripe inn og bedt rådet vurdere noen av orda på nytt, deriblant nettopp *resurs*. Rådet vedtok å stå fast på vedtaket frå i fjor. Også noen få andre fremmedord vart fornorska denne gongen: vi kan no skrive *sjanger* ved sida av *genre*, og *må* skrive *svesisme* (før: *svecisme*).

Engelske ord

Mest omstridd vart ei liste over samansette lånord, særleg frå engelsk. Dei vart tatt med for å få avgjort om dei skulle særskrivas eller samanskrivas (*allround*, *sightseeing*, *weekendbesøk*, *drop-out*, *drive-in-kino*, *ad hoc*, *wild west-film* og mange andre). Bakgrunnen for desse og mange andre vedtaksframlegg var at dei to store handordbøkene Språkrådet er med på å gi ut, *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka*, no snart går inn i siste produksjonsfase, og ei lang rekke problem laut derfor avgjeras av omsyn til desse bøkene.

Ordsiftet om desse orda tok svært

mye av første møtedagen. Mange av dei menige rådsmedlemmene tok framleggja som ein provokasjon etter at dei på tidlegare møte hadde gått sterkt ut mot «anglifisering» av norsk ordtilfang. Frå fagnemnda og sekretariatet vart det peika på at det er ordboksredaksjonane på Norsk leksikografisk institutt som har ansvaret for ordutvalet, mens Språkrådets oppgåve er å normere skrivemåten, men dette argumentet vart ikkje akseptert og førte nærmast til konfrontasjon. Det endte med at fagnemnda fekk i oppdrag å samrå seg med ordboksredaksjonane for å få tatt ut ein del av dei engelske orda. Det vart sagt av fleire at dei orda som vart ståande att, helst ikkje burde få norsk stavemåte, for det ville kanskje vere lettare å få dei til å gli ut or språket att dersom dei var mest muleg avstikkande i forma. (Ein uprova påstand, forøvrig. Det går vel like gjerne slik at ordet festnar seg i den fremmede forma.)

Dårleg saksbehandling

Vi har tidlegare kritisert den dårlege saksbehandlinga rettskrivingsspørsmål får i Språkrådet, men kostar på oss å gjenta oss her. Dette er hovudgrunnen til at ord som «superåd» og «pratemo-te» blir tatt i bruk om Språkrådet og møta der. Kvart einaste år kjem det umotiverte og dårleg systematiserte lister over vedtaksframlegg som dei sentrale språkrådsorgana legg fram for rådet. Når dei 30 «menige» rådsmedlemmene skal ta stilling til dette og føle seg medansvarlege for resultatet utan å kjenne dei vurderingane som ligg bak, da *må* ordsiftet bli slik vi har sett det på møte etter møte år etter år.

Den boteråda vi foreslo i dette bladet for to år sidan ser framleis ut til å vere den beste: å overføre ansvaret for alle detaljsakene til fagnemnda slik at berre meir prinsipielle og større saker kjem til rådet, og da ikkje i form av alfabetiske saks-lister, men i form av strukturerte saks-papir der motiveringa for framlegga går klart fram. Dette vil kanskje kreve ei vedtektsendring, men rådet burde i så fall prioritere arbeidet med å få til ei slik endring høgt, ikkje minst av omsyn til sitt eige renommé.

Trykkmarkering

Av dei mange andre sakene møtet sneia innom, nemner vi her berre ei: gjengangaren «Trykkmarkering i godkjeningspliktige nynorskordlister». Vedtaket frå i fjor om å sløyfe slik trykkmarkering er no endeleg avvist av departementet med den grunningjevinga at saka «i betydelig grad berører begge språkformer», som vedtekten for Språkrådet uttrykker det. I brevet frå departementet heiter det vidare:

«Departementet legg også vekt på at elevlar på same klassesteg i norsk skole bør ha same tilgang på informasjon om dette spørsmålet frå bøker godkjende til bruk i skolen, utan omsyn til kva målform dei brukar. Det er i alle tilfelle urimeleg med eit forbod mot å gi denne informasjonen til ei elevgruppe. Konsekvensen av det ville vere at den elevgruppa måtte skaffe to ordlister for å få dei opplysningane den andre elevgruppa finn i ei.»

På rådsmøtet vart det peika på at dette brevet føresette at dei same trykkreglane skulle gjelde for nynorsk som for bokmål, m.a.o. at nynorske uttalenormer skulle ha bokmålet som mønster, og at dette var heilt uakseptabelt for ei målform som prinsipielt hadde eit heilt anna normgrunnlag enn bokmålet. Det ser dermed ut til at Språkrådet ikkje reknar seg som ferdig med denne saka, men kjem til å forfølge ho på eit prinsipielt grunnlag.

Val

Rådet valde Else Marie Lønn til formann for 1985, og Leif Mæhle til varaformann. Dei andre styremedlemmene er Einar Lundeby, Aksel Lydersen, Borgny Tøfte og Kjell Venås. I fagnemnda vart Lundeby valt til formann og Venås til varaformann, og dei andre medlemmene er Andreas Bjørkum, Tove Bull, Bjarne Fidjestøl, Eyvind Fjeld Halvorsen, Egil Pettersen og Geirr Wiggen. Under valet viste det seg at Wiggen og Tor Guttu samla like mange røyster i bokmålsseksjonen, så valet mellom dei laut avgjeras gjennom ei ekstra avstemning. Ernst Håkon Jahr er, som før, varamedlem for Bull i fagnemnda.

LSV

Hjartespråk og skriftmål

Bokmelding av Lars S. Vikør

Heilt sidan vi begynte å føre språkstrid her i landet, har talemålsgrunnlaget for dei ymse skriftmålsvariantane vore ein sentral del av argumentasjonen – noe som alle har måtta ta stilling til om så berre for å avvise at det skulle spele noen rolle. Ein av sjølve hjørnesteinane bak nynorsken og målørsla har vore og er at nynorsken er «samnemnaren for det norske folkemålet». Også rettskrivingsendingane i nynorsken og bokmålet har ofte vore grunnlagt med eit «fleirtalsprinsipp» eller eit statistisk prinsipp, som ein kan lese om i Ernst Håkon Jahrs artikkel om Didrik Arup Seip i det førre nummeret av Språklig Samling.

Men verken Seip eller noen av nynorskeideologane har noen gong prøvd å rekne ut konkret og talfeste forholdet mellom talemåls- og skriftmålsvariantar. Det første forsøket på det vart gjort midt på syttitalet, i ei hovudoppgåve av Vidar Mørk. Det var til gjengjeld eit ærgjerrig forsøk. Oppgåva kom ut i bokform på Det Norske Samlaget i 1983, og er ulik alt anna som er skrivne om norske språkforhold. For å kunne vurdere ho, må ein truleg vere demograf, matematikar, statistikar og norsksfilolog på ein gong. Mine merknader må avgrense seg til det reint språkfaglege, men først ei samanfatting av kva Mørk vil og korleis han går fram.

Sjølve undersøkinga i boka går ut på å jamføre dialektane med ulike variantar av skriftmåla når det gjeld dei bøyingsendingane i substantiv og verb som er eller kan vere ulike i bokmål og nynorsk, altså språkdrag som har vore svært sentrale i språkstriden. På skriftmålsida tar han da utgangspunkt i dei offisielt godkjente variantane (i 1975) av bokmål og nynorsk; på talemålsida fører han inn begrepet *hjartespråk*, og definerer det som det språket som har festna seg i oss når vi er seksten år, og som blir verande vårt inste eige sjøl om vi skiftar målform seinare i livet.

Han gir så eit oversyn over dei ulike talemålsvariantane i landet, på grunnlag av den eksisterande faglitteraturen på området, og deler landet inn i 117 «grunnområde» med antatt einskaplege dialektar. Tettstader og byar reknar han

for seg, så dei kjem i tillegg. Det same gjer han med skrift-talemålet, dvs. bokmål/riksmål, og definerer eit skrift-talemålsområde som eit område der «teljkrinsar med minst 40 % tenesteytarar går saman til eit samanhengande område med minst 4000 innbyggjarar». På det grunnlaget finn han skrifttalemåls-område berre i Oslo, Bergen, Trondheim og Stavanger, til saman 6,4 % av folket.

Vidare reknar han ut skilnadsgrader mellom dei ulike endingane, og gir dei «skilnadspoeng», slik at t.d. *-ene* mot *-ane* får 2 poeng, *-ene* mot *-a* 7 poeng. Han gir målmerka vektal etter kor store bøyingskategoriar dei representerer. Deretter går han laus på den store demografiske utrekninga av «brukarpromille» bak kvar enkelt dialekt, basert på folketeljingsresultat frå heile dette hundreåret (vitsen er da ikkje å finne kor mange som bur i dei ulike områda i dag, men kor mange som budde der som sekstenåringar). Alle desse dataene arbeider han så inn i ein stor hovudtabelle etter ei grundig metodedrøfting på alle punkt.

Kva blir resultatet? Vi får ei direkte jamføring av kvart målmerke i kvar dialekt samanlikna med ei tilsvarande i skriftmåla, uttrykt i skilnadspoeng. Deretter reknar han saman totalpoeng pr. dialekt og skriftmålsvariant basert på vektalssystemet for målmerka. Skriftmålsvariantane deler han inn i: mest moderat og mest radikalt bokmål resp. nynorsk, hovudformer bm. resp. nn., mest moderate hovudformer nn. (for å treffe den mest vanlege skriftnynorsken) og endeleg «best-råkande» bm. resp. nn. – den varianten som i kvart tilfelle samsvarar best med den aktuelle dialekta. Ein kan altså samanlikne på svært mange kantar og kombinere av hjartans lyst, t.d. finne ut kor stor brukarpromille kvar enkelt bøyingsform i skriftmåla har bak seg. Men i ei totalsamanlikning kjem nynorsken alltid best ut. Jamfører ein dei mest brukte formene (moderat bm og moderate hovudformer nn) får nynorsken 65 % av folket bak seg, bokmålet 35 %. Tar vi radikalt bokmål mot radikalt nynorsk (eller

«best-råkande» bokmål mot «best-råkande» nynorsk) får vi 55 % for nynorsk og 45 % for bokmål.

Dette resultatet ser ut til å gi målørsla langt på veg rett, og boka er da òg mottatt med triumfrop frå det haldet. Men Mørk gjer sjøl merksam på avgrensingane ved prosjektet: i eit sluttkapittel skisserer han kva han trur ville bli resultatet om ein jamførte andre språkdrag, og kjem fram til eit mykje meir blanda resultat, m.a. at når det gjeld tilhøvet til lånord står bokmål «umåteleg mykje nærare fellestendensen i alle målføra enn nynorsk». Og alt i alt må vi vel seie at granskinga hans har gitt omtrent det resultatet ein kunne vente på førehand. At nettopp bøyingsendingane er eitt av nynorskens sterke punkt når det gjeld samsvar med talemålet, visste vi alt frå før.

Verdien i Mørks arbeid ligg derfor først og fremst i det detaljoversynet han gir over bøyingsmønsteret i dei norske dialektane og dei jamføringane ein kan gjere på grunnlag av det – ved sida av sjølve demonstrasjonen av kor komplisert det er å «bevise» dei temmeleg lause påstandane som vi ofte sett fram om talemålsforholda her i landet.

Den viktigaste kritikken min gjeld Mørks bruk av såkalla «pragmatisk likskap» som grunnlag for samanlikningane sine. Det vil seie at han berre ser på kor like endingane er reint lydleg, utan å dra inn korleis den strukturen er som dei går inn i. Som kjent skil nynorsken mellom *-ar/-ane* og *-er/-ene* i fleirtal av substantiv, mens bokmålet berre har *-er/-ene*. Mange dialektar har gjennomført same forenklinga som bokmålet, men slik at *-a* eller *-å*, ikkje *-e*, er bevart i endinga. Gjennomført fleirtal på *-al/-an* er vanleg i nordnorsk og delvis i trønderisk, og tilsvarande former (til dels med *-ane*) på Sørlandet. Bergensk får alltid ein *a*-lyd og visse sørlandsmål ein *å*-lyd framfor skarre-*r* i endingar. I alle desse tilfella slår likskapsbarometeret ut til fordel for nynorsk – trass i at systemet i desse dialektane ligg nærast bokmål.

Same innvendinga kan ein rette mot å ta med jamvektsformer i dette utvalet,

Språklige sidespor

Av Tomas Refsdal

Og – å

Ei stor felle i norsk språk har vi i bindeordet «og». Dette gjelder da i muntlig språkbruk. Skriftlig er ikke faren så stor.

Jeg trur det må være mer enn hundre personer jeg har lagt merke til i fjernsynet som bommer ved bruken av «og». Feilen skjer ved at de bruker «og» også i infinitiv (istedenfor å). Og merkelig nok er det de «lærde» som synder mest på dette punkt. Ja, det er faktisk mange med landets høyeste utdanning.

Hvorfor mestrer de ikke å skille *og* fra *å*?

Jeg undres om det kan ha noe med puggheten å gjøre. De har vel pugga en masse lekser i sitt liv og har kanskje vent seg til å uttale orda akkurat som de skrives. Så også med «og». De har kanskje også tenkt at dette er det eneste rette. På den måten har vel den bokstavelige *og*-uttalen blitt en vane for dem i litt for stor grad, slik at de snubler i dette ordet og bruker det også i infinitiv.

Men dette er bare en tanke jeg har. Jeg ser ingen annen årsak.

Folk som ikke er så sprenglærde kan nesten prise seg lykkelig på dette punkt. De fleste av dem bruker nemlig å uttale *og* som *å*, og når dette er det vanlige på norsk, kan det ikke regnes som feil.

som Mørk gjer (om enn med eit lågt vektal). Jamvektssystemet har ingen plass verken i bokmål eller i nynorsk, om ein ser bort frå den kløyvde infinitiven, slik at dialektane her står heilt likt i høve til skriftmåla, sjøl om ein skilde jamvektformer liknar meir på nynorskformer enn på bokmålsformer. (Dei trønderske «utjamningsformene» blir vel elles så ulike alle skriftformer at det ikkje blir noe særleg å hente i ei jamføring etter det pragmatiske lik-skapsprinsippet heller.)

Reint praktisk må det seias at boka til Mørk ikkje er lett tilgjengeleg, men krev mye konsentrasjon av lesaren. Ein unødvendig vanske er dei kryptiske literaturtilvisingane (AlnOs, ChrR osv.). Det ville ha letta lesinga om han hadde brukt den konvensjonelle måten Alnes 1962, Christiansen 1973 osv.

Vidar Mørk: *Hjartespåk og skriftmål*. Det Norske Samlaget 1983. Kr 100,-.

«Problematikken»

Det har i all nyere tid blitt snakka mye om problemer her i landet. Og med god grunn. Problemer har vi alltid nok av.

Ordet «problem» tyder oppgave, og som regel da ei *vanskelig* oppgave, et vrient spørsmål som det er vanskelig å finne ut av. Så det ordet er for så vidt greit nok.

Men i den seinere tid har ordet ofte fått en forlengelse, slik at det nå ofte heter «problematikken». Det er særlig en del politikere som bruker dette uttrykket. Og det er vel mulig at det nettopp er politikerne som har de største problemene å stri med.

Men hvorfor snakke om problematikk istedenfor problemer?

Ei ordbok oversetter problematikk med problemstruktur. Blir vi noe klokere av det?

Problem skal være et gresk ord, mens struktur er latin. Så det er kanskje ikke så underlig at det blir noe problematisk å fatte innholdet av det sammensatte ordet.

Struktur skal ifølge ordboka tyde: Bygning, sammensetning, indre oppbygning. Problematikken skulle da bli den indre oppbygningen av ei sak som det er vanskelig å finne ut av. Forstå det den som kan.

I min ungdom hørte jeg en mann som forklarte ordet «politikk» med at det var å vri seg unna et spørsmål på en lettvinnt måte. Kanskje det er for å vri seg unna det egentlige spørsmålet at en fordunkler hele greia ved å kalle det problema-tikk.

Penger, penger - - -

I dette nummeret blir det lagt inn en blankett med en påtrykt pengesum til alle medlemmer og betalende abonnenter. Og vi håper at disse bruker blanketten så fort de kan – for å spare seg sjøl for nye krav og oss for ekstra arbeid.

Siden i fjor har medlems- og abonnementsregistreringa vår vært satt bort til *Postgiroens Foreningsservice*. Det er de som skriver ut de blankettene dere får, og de registrerer alle innbetalinger og skriver ut purreblanketter til de som er seine. De bruker en standardblankett til alle kundene sine. Noen av abonnentene våre reagerer kanskje på at ordet MEDLEMSKORT er skrevet i venstre kant på kvitteringsdelen. Men dette hører med til standardutstyret på blanketten, og betyr ikke at de er registrert som medlemmer. De kan altså se heilt bort fra det. Den klassifiseringa som *gjelder* («medlemskap» eller «abonnent», ev. de spesielle medlemskategoriene «pensjonist» eller «student») står *påtrykt* på kvitteringsdelen.

Eventuelle feil i registreringa (eller andre feil) ber vi om at dere melder fra om til oss, som hittil. □

«Trur kanskje»

Det er ikke bare fremmendord som kan komme inn på sidespor, eller som det kan bli noe rart ved. Det kan hende med norske ord også.

Ordet «trur» uttrykker noe som er litt tvilsomt, noe vi ikke er sikre på. Derfor brukes det svært ofte, det er jo så mye vi ikke er aldeles sikre på.

Men hvis vi føyer til et «kanskje», som noen gjør, blir det ikke bra, for også dette ordet uttrykker tvil. Og det verste er at hvis vi skal ta det slik det virkelig står, så går tvilen ut over det foregående ordet, altså «trur». En sier altså at en tviler på om en trur, tviler på om en tviler. Og det var nok ikke det som var meninga. Men det ene ordet slår det andre ihjel.

Reint ille blir det hvis vi i tillegg også setter ordet «vel» mellom de to andre orda, altså: «Jeg trur vel kanskje –». Også vel kan uttrykke tvil, så her blir det tredobbelt. Det gjelder nesten om å ha en velvillig innstilling til vedkommende person, hvis vi skal forstå hva han egentlig mener.

Uttrykket «jeg trur vel kanskje» har jeg hørt i TV flere ganger. Det er vel rimelig at det nettopp i TV kan være fare for å uttrykke seg litt klossete. Kanskje alt TV-utstyret virker inn, og har en dertil forberedt seg litt for dårlig, er det vanskelig å veie orda sine på gullvekt. Så vi bør være litt varsomme med å dømme.

Likevel trur jeg at et uttrykk som «jeg trur vel kanskje» ikke alltid er bare tilfeldig, men at det kan ligge en liten vane bak. Vi burde nok prøve å tilegne oss *gode* vaner – også i vår tenkning. □

SPRÅKLIG SAMLING

Returadresse:

Postboks 636, Sentrum, 0106 OSLO 1

**Er du opptatt av
språkspørsmål?**

**Vil du støtte arbeidet
for:**

- *et folkelig bokmål og et folkelig nynorsk?*
- *ei gradvis og gjensidig tilnærming mellom de to målformene på grunnlag av det talemålet folk flest bruker?*
- *rett for alle til å bruke sitt eget talemål uten å bli nedvurdert?*
- *reell jamstilling mellom bokmål og nynorsk?*
- *reelle rettigheter for de språklige minoritetene?*

**Da er Landslaget
for språklig samling
(LSS) noe for
deg!**

Nytt fra språkfronten:

Akademiet rör på sig

Det Norske Akademi for Sprog og Litteratur hører ikke til de mest omskrevne og omdiskuterte institusjoner i samfunnet. Men det er altså det offisielle normerende organet for den uoffisielle riksmålsnorma, riksmålets «språkråd», så å si. Tor Guttu, medlem av Akademiets ordbokskomite, orienterte Språklig Samlings lesere om dette for et par år sia (nr. 4-1982). Han sa da også at han i dag ville regne former som *etter* og *snø* som fullverdige riksmålsformer. Og nå har han fått med seg resten av Akademiet på det. I et intervju i Aftenposten lørdag 26. januar i år opplyste Akademiets *preses* (trulig Norges eneste), Øistein Parmann, at følgende former allerede i 1983 var tatt inn i riksmålsnorma: *snø, språk, farge, hage, nemnd, etter* og *gruve*. De tradisjonelle formene (som vi sikkert ikke trenger regne opp her) skal fortsatt være side-stilt. Vedtaket blei gjort etter «inngående drøftelser» i Akademiet, opplyser Parmann.

Såvidt vi veit, er ikke dette vedtaket offentliggjort før nå, og dermed blir det spennende å se hvordan de jamne riksmålsstreverne tar imot det. Forretningsbladet Farmand, trufast nok «saken» skulle vi tru, gjorde ei smertelig erfaring da det for et par år sia prøvde å gjennomføre «etter». Etter noen uker med like mange leserbrev var «etter» på plass igjen. Og hva kommer Aftenposten til å gjøre? Skal innsenderne på A-magasinet barneside fortsatt måtte spørre: «Spurte'n efter meg?», og baske rundt i «sneføyka»?

Men Parmann sier mer. «Selvsagt»

bør også «etter» med hele søskenflokkene inn i det offisielle bokmålet. Og for å få til det, har Akademiet laga ei pen lita brosjyre med tittelen «Henvendelse til Regjeringen om rettskrivningsspørsmålet», skrevet av Brynjulv Bleken. Her blir regjeringa bedt om – pr. dekret, må vi tru – å ta inn i bokmålsnorma alle de riksmålsformene som fortsatt er ute-stengt. «Gjennom det off. regelverk blir standardsproget – både i skrift og tale – fortsatt styrt bort fra riksmålet», hevder Bleken, og dette er en «anomali» som det må bli slutt på. I tillegg bør regjeringa «overveie om Norsk språkråds oppbygning og arbeidsmåte gir tilstrekkelig vern om den kulturarv som riksmålstradisjonen representerer», skriver Parmann i sitt brev til regjeringa.

Vi sier ikke mer, bortsett fra dette: Akademiet har hatt to representanter i Språkrådet sia det kom i gang i 1972. Parmann har møtt på flere møter, og Bleken sitter der nå. I 1979 vant de en 90 % seier i sin kamp for de «forbudte former», med riksmålsmannen Aksel Lydersens ord, og det var ikke for sterkt tatt i. Bleken har *ikke* tatt opp spørsmålet om de siste 10 prosentene i rådet – og det kan vel bero på ei realistisk vurdering av sjansene for å vinne fram der. I steden gjør han et klossete – og vel temmelig uskadelig – forsøk på å falle rådet i ryggen. Det er neppe verdt så mye som ei språkhistorisk fotnote, men kan gi grunn til ettertanke hos dem som for få år sia så det som sin kongstanke å skape språkfred gjennom ettergivenhet.

LSV